



Innkalling  
av  
Heradsstyret

**Møtedato:** 20.11.2020

**Møtestad:** Teamsmøte

**Møtetid:** kl. 15:00 – kl. 16:00

Teamsmøte

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus eller til Bente Skjerping per tlf. 56192100, sms til 41587200 eller per epost til bente.skjerping@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

**Sakliste**

Saknr	Tittel
087/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
088/20	Forskrift om smitteverntiltak i Osterøy kommune - forlenging av periode

18. november 2020

Lars Fjeldstad  
ordførar

Bente Skjerping  
Utvalssekretær

**NB!** Møtet vert halde som nettmøte på Teams, sjå eiga innkalling for pålogging!

# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
087/20	Heradsstyret	PS	20.11.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	20/3057

## **Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **Saksopplysningar:**

Innkalling med saksliste er send ut.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
088/20	Heradsstyret	PS	20.11.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	20/589

## Forskrift om smitteverntiltak i Osterøy kommune - forlenging av periode

### Vedlegg:

Forskrift om smitteverntiltak i Osterøy kommune 061120 (003)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Forskrift om smitteverntiltak i Osterøy kommune kan forlengast for ein ny periode frå 23.11.2020. Ein føreset då at eventuelle endringar i forskriftsteksten og fastsetjing av forskriftsperiode vert gjort i samråd med Bergen kommune og omegnskommunane på same måte som ved førre vedtak, slik at det så langt mogleg vert felles reglar for innbyggjarar og næringsdrivande.»

### Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Forskrift om smitteverntiltak i Osterøy kommune for perioden 07.11 – 23.11.2020 vart fastsett av kommuneoverlegen med heimel i lov 05. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdomar.

Lovteksten finn du her <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1994-08-05-55>

Bergen og omegnskommunane har alle vedteke tilsvarende forskrift for same periode.

### Vurdering

Det kan no bli aktuelt for å forlenga forskriftsperioden frå 23.11.2020 for ein ny periode inntil ein ser tilstrekkeleg effekt av smitteverntiltaka. Dersom Bergen og nabokommunane forlengar forskriftsperioden bør Osterøy kommune gjera det same, då Osterøy er ein del av same bu- og arbeidsregion.

Ved ei forlenging kan det bli aktuelt å gjera endringar i forskriftsteksten.

Denne forskriften inneber inngrepande tiltak overfor innbyggjarar og næringsverksemder, og ein finn det difor rett å la heradsstyret ta stilling til ei eventuell forlenging av forskriftsperioden.

- |            |   |
|------------|---|
| Folkehelse | - innføring av smitteverntiltak er viktig for å hindra smittespreiing i samfunnet |
| Miljø      | - ikkje vurdert   |
| Økonomi    | - ikkje vurdert   |

### Konklusjon

Saka vert lagt fram for heradsstyret til vurdering og avgjerd.



# **Forskrift om smitteverntiltak i Osterøy kommune, 7.11-23.11**

Heimel: Fastsett av kommuneoverlegen 6. november 2020 med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 4-1.

## **§ 1 Formål og verkeområde**

Forskriftas formål er å fastsette smittevernfaglege tiltak for å hindre eller avgrense spreiling av SARS CoV-2 i befolkninga og blant helsepersonell, og sikre at tilstrekkeleg kapasitet i helse- og omsorgstenesta blir oppretthalde, slik at tenesta kan handtere smittesituasjonen og ivareta ordinære helse- og omsorgstenester, i periodar der smittetala er stigande eller høge.

Forskrifta gjeld i Osterøy kommune.

## **§ 2 Definisjonar**

- a. Med private samankomstar er meint samankomstar i private heimar, hytter og liknande private stader, medrekna lausare arrangement innandørs og utandørs.<sup>1</sup>
- b. Med privat arrangør er meint den som inviterer, er vrtskap eller den som elles er med og arrangerer private samankomstar.

§ 3 Forbod mot private samankomstar med over fem deltagarar, og mot samankomstar der avstandskravet på éin meter ikkje kan overhaldast.

Det er ikkje tillate å vere til stades ved private samankomstar med meir enn fem personar. Føresegna omfattar ikkje barn som inngår i fleire husstandar.

I husstandar som har meir enn fem medlemmer, kan alle medlemmer likevel vere til stades samtidig.

Private samankomstar der avstandskravet på éin meter ikkje kan overhaldast, er ikkje tillate.

Det blir gitt unntak for etablerte kohortar i barnehage og Barneskule, slik at barn som inngår i same kohort også kan samlast på fritida.

Privat arrangør skal:

- a. Legge til rette for at smittevernråda kan overhaldast
- b. Ha oversikt over alle som er til stades med dato, tidspunkt, namn og telefonnummer for å kunne bistå ved ei eventuell seinare smitteoppdsporing etter smittevernlovens § 3-6.

Oversikta skal oppbevarast på ein forsvarleg måte og slettast etter ti dagar. Arrangøren skal informere dei som er til stades om at det blir nedskrive slik oversikt.

Det blir ikkje gitt dispensasjonar frå føresegna.

## **§ 4 Innandørs arrangement på offentleg stad**

Innadørs arrangement på offentleg stad utan fast seteplassering er ikkje tillate.

---

<sup>1</sup> Med private samankomstar er ikkje meint arrangement som er regulert i § 13 i den nasjonale forskriften (FOR 2020-03-27-470 covid-19-forskriften).

Ved innandørs arrangement på offentleg stad skal alle deltakarar ha fast seteplassering.

Det er ikkje tillate å gjennomføre private eller offentlege innandørs arrangement på offentleg stad med fleire enn 20 deltakarar til stades samtidig. Ved gravferder kan tal deltakarar ikkje overstige 50.

Arrangement der avstandskravet på éin meter ikkje kan overhaldast er ikke tillate.

Berekninga av kven som inngår i tal deltakarar følger nasjonale rettleiarar.  
For øvrig gjeld FOR 2020-03-27-470 (covid-19-forskriften) § 13.

## § 5 Stenging og avgrensing av fritidsaktivitetar

Idrettshallar, svømmehallar, og lokale for tilsvarande aktivitetar skal haldast stengt.

Føresegna omfattar ikkje toppidrett. Føresegna omfattar heller ikkje skuleundervisning eller organisert trening for barn og unge under 20 år. Kampar, cupar, turneringar og liknande for barn og unge under 20 år er ikkje tillate.

Treningssenter skal halde stengt.

Bingohallar og liknande aktivitetstilbod skal halde stengt.

Museum og liknande tilbod skal halde stengt.

Bibliotek skal haldast stengt for publikumsopphald og -aktivitetar. Tilgang til utlån og innlevering av bøker kan oppretthaldast.

Øvingar og organiserte idretts-, kultur- og andre fritidsaktivitetar for vaksne er ikke tillate. Føresegna gjeld ikkje slike aktivitetar for barn og unge under 20 år.

Breiddedrett for vaksne er ikke tillate.

## § 6 Avgrensing av aktivitet i butikkar og kjøpesenter

Butikkar, kjøpesenter og liknande må sørge for at det ikkje er fleire til stades i lokalet enn at det kan haldast to meters avstand. Tillate tal kundar i lokalet skal bereknast ut frå størrelsen på lokalet. Det skal om nødvendig vere vakthald som sørger for at kravet blir etterkome.

## § 7 Krav til bruk av munnbind/ansiktsmaske på kollektivtrafikk, taxi og innandørs på offentleg stad (butikkar, kjøpesenter mv.)

På kollektivtrafikk og innandørs på offentleg stad skal munnbind/ansiktsmaske brukast når éin-meters avstandskravet ikkje kan overhaldast.

Førar og passasjerar i taxi skal bruke munnbind/ansiktsmaske.

Føresegna gjeld ikkje barn under ungdomsskulealder, eller personar som av medisinske eller andre helsemessige årsaker ikkje kan bruke munnbind.

## § 8 Skjenkestader, restaurantar, kaféar og kantiner.

På skjenkestader, restaurantar, kaféar, kantiner og andre serveringsstader der gjester skal innta mat eller drikke på staden skal det leggast til rette slik at gjester kan etterleve smittevernråd. Det skal vere minst éin meter mellom gjester som ikkje er frå same husstand og det skal vere lett tilgjengeleg handdesinfeksjonsmiddel i lokalet.

Skjenkestader, restaurantar, kaféar og kantiner skal kreve at gjester legitimerer seg. Gjester som ikkje legitimerer seg, skal avisast.

Skjenkestader, restaurantar, kaféar, kantiner og andre serveringsstader, skal føre oversikt over gjester. Namn og telefonnummer skal registrerast og i tillegg tidspunkt og dato for besøket. Gjester skal informerast om at det blir nedskrive ei slik oversikt. Lista skal oppbevarast i tråd med krav til personvern, og skal slettast etter ti dagar.

Liste over gjester skal på førespurnad frå smittevernkontoret sendast over i tekstformat, anten i Excel, Word eller anna tekstprogram. Føresegna gjeld ikkje ved takeaway-sal.

På skjenkestader, restaurantar, kaféar, kantiner og andre serveringsstader skal munnbind/ansiktsmaske brukast når ein bevegar seg i lokalet og avstandskravet på éin meter ikkje kan overhaldast. Kravet gjeld ikkje for barn under ungdomsskulealder, eller personar som av medisinske eller andre årsaker ikkje kan bruke munnbind.

Lydnivået på stader der det blir spelt musikk skal justerast til eit nivå som gjer det mogleg for gjester å prate saman med 1 meters avstand.

Skjenkestader, restaurantar, kaféar, kantiner og andre serveringsstader skal stenge seinast kl. 22.00. Servering av alkohol må avsluttast 21.30.

Føresegna gjeld ikkje takeaway-stader.

#### § 9 Obligatorisk heimekontor

Heimekontor skal nyttast når dette er mogleg.

Arbeidsgivar er ansvarleg for å vurdere om det er mogleg å utføre arbeidet ved heimekontor. For øvrig gjeld Helsedirektoratet sin rettleiar for heimekontor.

#### § 10 Raudt nivå på vidaregåande skule

Krav og definisjonar følger Utdanningsdirektoratet sin rettleiar.

#### § 11 Straff

Forsettleg eller uaktsamt brot på føresegner i denne forskriften kan straffast iht. Lov om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven) § 8-1.

#### §12 Ikraftsetjing og varigheit av forskriften

Forskrifta trer i kraft 07.11.2020 og gjeld til og med 23.11.2020.